



DET KONGELIGE
KUNNSKAPSDEPARTEMENT

Høyringsnotat

**Endringer i reglane for tilbakebetaling av utdanningslån
oktober 2024**

[Høyringsfrist: 3. desember 2024](#)

Innhold

1	Innleiing	3
2	Ingen krav om å nedbetale forseinkingsrenter for å flytte oppsagt lån tilbake til Lånekassen frå Statens innkrevjingsssentral.....	3
3	Siste dato for å begynne å tene opp rett til gjeldssletting for legar i utvalde kommunar...	4
4	Regelteknisk endring: Behovsprøving mot bruttoinntekt av rente- og gjeldssletting som følge av einskilde sosiale og økonomiske forhold	5
5	Forslag til forskriftsendring	6
6	Økonomiske og administrative konsekvensar	7

1 Innleiing

Kunnskapsdepartementet sender med dette på høyring forslag til endringar i [forskrift av 15. desember 2022 om tilbakebetaling av utdanningslån](#). Departementet foreslår å

- oppheve krav om at låntakaren har nedbetalt forseinkingsrenter før oppsagt lån blir flytta tilbake til Lånekassen frå Statens innkrevjingsssentral. Forseinkingsrentene skal i staden inngå i den ordinære nedbetalinga av gjelda i Lånekassen.
- å sette siste dato for at legar i utvalde kommunar kan begynne å tene opp rett til gjeldssletting

Departementet foreslår òg ein regelteknisk endring som inneber å presisere at rente- og gjeldssletting som følgje av einskilde sosiale og økonomiske forhold blir behovsprøvd mot låntakarane si bruttoinntekt.

Endringane vil gjelde frå 1. januar 2025.

2 Ingen krav om å nedbetale forseinkingsrenter for å flytte oppsagt lån tilbake til Lånekassen frå Statens innkrevjingsssentral

2.1 Reglane i dag

Når ein låntakar ikkje betaler rekninga innan forfall, blir forseinkingsrenter lagt til det ubetalte terminbeløpet frå dagen etter betalingsfristen. Etter forseinkingsrentelova utgjer forseinkingsrenter den styringsrenta som Noregs Bank fastset og eit påslag på minst åtte prosenteningar¹.

Etter fire ubetalte terminbeløp, blir heile utdanningslånet sagt opp, slik at heile gjelda forfell til betaling. Lånet blir mellombels oppsagt og Statens innkrevjingsssentral (SI) tek over innkrevjinga frå Lånekassen. Ettersom heile gjelda forfell til betaling, blir forseinkingsrenter lagt til *heile* lånet, det vil seie både hovudstolen og kapitaliserte renter frå oppseiingsdatoen, og ikkje lenger berre på dei misleghaldne terminbeløpa.

Oppseiinga blir oppheva dersom låntakaren får betalingsutsetjing viss låntakaren framleis har rett til dette, eller betalar både forfalne terminbeløp, gebyr og forseinkingsrenter. Då blir den mellombelse oppseiinga oppheva, slik at låntakaren kommer inn igjen i ordinær nedbetaling hos Lånekassen.

Lån som har vore misleghaldne i tre år, blir permanent overført til SI. Då overtek SI som kreditor for kravet, og Lånekassen avskriver lånet. Låntakarane vil då ikkje lenger kunne komme tilbake til eit normalt tilbakebetalingsløp i Lånekassen. Låntakarane mistar òg alle rettar i Lånekassen, blant anna retten til framtidig lån og stipend til utdanning. Det blir lagt til forseinkingsrenter på heile lånet fram til heile gjelda er innfridd.

¹ <https://www.regjeringen.no/no/tema/okonomi-og-budsjett/renter/forsinkelsesrente-/id429404/>

2.2 Departementet sine vurderingar

Departementet ønskjer å legge til rette for at personar som har hatt økonomiske utfordringar, lettare kan komme seg ut av det og få ein normal økonomisk kvardag att. Difor vil vi redusere risikoen for at låntakarar som i utgangspunktet har meir kortsiktige betalingsproblem får langvarige økonomiske vanskar på grunn av tilbakebetalingsreglane.

Når forseinkingsrenter blir lagt til heile lånebeløpet, vil desse rentene relativt raskt kunne vakse til å bli betydelege beløp. På denne måten kan forseinkingsrenter hindre for at låntakarar med kortvarige betalingsutfordringar, seinare klarer å komme å jour med betalinga, sjølv etter dei har komme godt i gang med å betale tilbake på lånet.

Departementet foreslår difor at det ikkje lenger skal vere eit krav om at låntakarar som har fått oppsagt utdanningslån, skal betale forseinkingsrentene for å få lånet tilbake til ordinær nedbetaling i Lånekassen. I staden skal forseinkingsrentene bli baka inn i den samla utdanningsgjelda og dermed betalt i løpet av nedbetalingstida som står att. Dette inneber at rentekostnadane vil inngå i nedbetalingsplanen, og låntakaren sine innbetalningar vil først redusere uteståande renter før lånesaldoen. Ein låntakar som har høg rentesaldo vil difor kunne få ein nedbetalingsplan kor ein til dømes berre betaler renter dei tre første åra etter lånet er tilbake i ordinær nedbetaling. Deretter vil låntakaren betale renter og avdrag. For heile den resterande nedbetalingstida vil denne låntakaren få eit litt høgare terminbeløp som følgje av forseinkingsrentene som har blitt lagt til medan lånet ikkje blei betalt. Departementet vurderer at ei slik løysing vil kunne vere meir overkommeleg enn kravet i dag.

Forslaget gjeld ikkje personar med utdanningslån som er permanent overført til SI. Desse låntakarane skal framleis betale heile gjelda til SI, inkludert forseinkingsrentene.

2.3 Forslaget til departementet

Departementet foreslår at låntakarar med mellombels oppsagt utdanningslån hos SI, ikkje skal betale forseinkingsrentene som er lagt til for å få lånet tilbake i ordinær nedbetaling hos Lånekassen. Låntakaren skal i staden betale forseinkingsrentene i løpet av den resterande nedbetalingstida i Lånekassen. Sjå [kapittel 5](#) for forslag til endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån § 21 tredje ledd.

3 Siste dato for å begynne å tene opp rett til gjeldssletting for legar i utvalde kommunar

3.1 Reglane i dag

Etter forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån § 44 har legar i utvalde kommunar i Møre og Romsdal, Trøndelag, Nordland og Troms rett til sletting av utdanningsgjeld etter same gjeldssletteordning som for Finnmark og Nord-Troms. Legar i dei utvalde kommunane kan få sletta 20 prosent per år av utdanningsgjelda med ei øvre grense på 30 000 kroner per år og ei nedre grense på 2 000 kroner per år. Det er krav om ein oppteningsperiode på 12 samanhengande månader for å søke sletting for føregåande periode. Ein skal sende inn søknad om sletting etter kvar ny oppteningsperiode, men ikkje seinare enn tre månader etter at oppteningsperioden er ute.

3.2 Departementet sine vurderingar og forslag

Regjeringa har varsla at dei frå 2026 vil ha på plass ei ny gjeldssletteordning med breiare nedslagsfelt enn eksisterande ordning for legar. Den nye gjeldssletteordninga som regjeringa har foreslått vil overlappe med denne ordninga, og departementet foreslår difor å fase ut ordninga, slik at frå 1. januar 2025 vil det ikkje lenger vere mogleg å begynne å tene opp rett til sletting etter § 44. Låntakarar som starta på ein oppteningsperiode i løpet av 2024, kan fortsette oppteninga inn i 2025 til dei når 12 samanhengande månader. Dei vil då få sletta gjeld for siste gong etter denne ordninga.

Departementet vil innan kort tid kome med forslag til regulering av den nye gjeldssletteordninga.

3.3 Forslaget til departementet

Departementet foreslår at det frå 1. januar 2025 ikkje lenger vil vere mogleg å begynne å tene opp rett til sletting av gjeld for legar i utvalde kommunar. Sjå [kapittel 5](#) for forslag til endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån § 44.

4 Regelteknisk endring: Behovsprøving mot bruttoinntekt av rente- og gjeldssletting som følgje av einskilde sosiale og økonomiske forhold

4.1 Reglane i dag

Låntakarar kan ha rett til sletting av renter som følgje av einskilde sosiale og økonomiske forhold etter kapittel 8. Rentesletting er behovsprøvd mot den årlege brutto person- og kapitalinntekta for låntakaren og ektefellen/sambuaren med felles barn.

Låntakarar kan ha rett til å få sletta gjelda heilt eller delvis viss låntakaren har minst 50 prosent varig nedsett inntektsevne og får uføretrygd eller ei tilsvarande yting frå ei utanlandsk trygdeordning. Denne gjeldsslettinga er òg behovsprøvd, slik at beløpet som blir sletta er avhengig av størrelsen på brutto person- og kapitalinntekt.

For begge desse ordningane vert det lagt til grunn opplysningar frå skatteoppgjeret til låntakaren. På same måte som i forskrift om utdanningsstøtte betyr omgrepet «person- og kapitalinntekt» òg i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån, låntakarens samla inntekter utan omsyn til frådrag, uavhengig av kva for type frådrag som er gitt.

4.2 Departementet sine vurderingar

Reglane om behovsprøving av retten til sletting av renter av sosiale og økonomiske årsaker og sletting av gjeld ved uførleik, blei lagde om frå 2008. Før dette tok behovsprøvinga utgangspunkt i brutto månadsinntekt. Omlegginga innebar at sletting av renter og sletting av gjeld ved uførleik blei behovsprøvd mot låntakaren sin brutto årsinntekt ut frå summen av person- og kapitalinntekt i skatteoppgjeret. Brutto kapitalinntekt blei lagt til grunn ved behovsprøvinga.

Departementet viser til dei foreslegne endringane i forskrift om utdanningsstøtte §§ 97, 98 og 101 omtalt i kapittel 6.5 i høyringsnotatet om endringane i forskrift om utdanningsstøtte som skal gjelde frå studieåret 2025–2026. Departementet foreslår òg i forskrift om tilbakebetaling å presisere at det er låntakarane si bruttoinntekt som blir lagt til grunn i behovsprøvinga som i denne forskrift skjer i samband med sletting av renter og sletting av gjeld ved uforleik.

Forslaget inneber ingen endring i praksis, men skal tydeleggjere at det er person- og kapitalinntekta utan omsyn til frådrag, som dannar utgangspunkt for behovsprøvinga.

4.3 Forslaget til departementet

Departementet foreslår å presisere i forskrifta at det er brutto person- og kapitalinntekt som blir lagt til grunn ved behovsprøvinga av rett til sletting av renter etter §§ 36, 37, 38, 39 og 41 og ved rett til sletting av gjeld ved uforleik etter § 68. Sjå [kapittel 5](#) for forslag til endring i desse føresegnene.

5 Forslag til forskrift om endring i forskrift om tilbakebetaling av utdanningslån

Fastsett av Kunnskapsdepartementet dd. desember 2024 med heimel i lov 3. juni 2005 nr. 37 om utdanningsstøtte (utdanningsstøtteloven) §§ 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14 og 15

I

I forskrift 15. desember 2022 nr. 2259 om tilbakebetaling av utdanningslån blir det gjort følgjande endringar:

§ 21 tredje ledd skal lyde:

Oppseiinga blir oppheva dersom låntakaren betaler eller får betalingsutsetjing for *det forfalne beløpet*. Når oppseiinga blir oppheva, trekkjer Lånekassen saka tilbake frå Statens innkrevjingsentral, og låntakaren får igjen rekningar frå Lånekassen. *Forseinkingsrentene vil inngå i den ordinære nedbetalinga av gjelda.*

§ 36 første ledd og tabelloverskrift skal lyde:

Ein låntakar som har hatt *ei brutto person- og kapitalinntekt* per år som er under ei grense i tabellen nedanfor, kan få sletta rentene for så mange månader som er knytte til inntektsgrensa i tabellen, dersom minst eitt av vilkåra i § 38 eller § 39 var oppfylt desse månadene.

Tal på månader med rett til sletting av renter	<i>Brutto person- og kapitalinntekt</i> per år
--	--

§ 37 første ledd andre punktum og tabelloverskrift skal lyde:

Den samla *brutto person- og kapitalinntekta* per år for låntakaren og ektefellen, partnaren eller sambuaren med felles barn skal ha vore under grensene i tabellen nedanfor.

	Samla <i>brutto person- og kapitalinntekt</i> per år
--	--

§ 38 første ledd første punktum skal lyde:

Ein låntakar som har hatt ei *brutto person- og kapitalinntekt* per år under grensene i § 36 medan låntakaren oppfylte eit av krava i bokstavane a–g, har rett til å få sletta renter for heile eller delar av den aktuelle perioden.

§ 39 første ledd første komma skal lyde:

Låntakarar som har hatt ei *brutto person- og kapitalinntekt* per år som er under grensene i § 36,

§ 41 første ledd andre punktum skal lyde:

Lånekassen hentar inn opplysningar om *brutto person- og kapitalinntekt* i Noreg direkte frå Skatteetaten.

§ 44 nytt siste ledd skal lyde.

Frå 1. januar 2025 kan låntakaren ikkje tene opp rett til gjeldssletting etter denne føresegna.

§ 68 første ledd første punktum, andre ledd tabelloverskrift og første rad i tabellen og siste ledd skal lyde:

Ein låntakar som har minst 50 prosent varig nedsett inntektsevne og får uføretrygd eller ei tilsvarende yting frå ei utanlandsk trygdeordning, kan ha rett til å få sletta gjelda heilt eller delvis dersom *brutto person- og kapitalinntekta* i 2025 er xxx xxx kr eller lågare.

Tabell for 2025 over inntektsgrenser, ny gjeld og nytt terminbeløp etter sletting av gjeld

<i>Brutto person- og kapitalinntekt</i> per år	Ny gjeld	Nytt terminbeløp
--	----------	------------------

Lånekassen hentar inn *inntektsopplysingar* frå Skatteetaten.

II

Endringa trer i kraft 1. januar 2025.

6 Økonomiske og administrative konsekvensar

Forslaga i kapittel 2 og 3 inneber endringar i rettar som har budsjetteffekt, og krev difor løyvevedtak i Stortinget. Departementet viser til regjeringa sitt budsjettforslaga i [Prop. 1 S \(2024–2025\) for Kunnskapsdepartementet programkategori 07.80](#).

Forslaget i [kapittel 3](#) om å avvikle rett til gjeldssletting for legar i utvalde kommunar må sjåast i samanheng med forslag til ei ny gjeldssletteordning som òg er omtalt under «utdanningsstøtta skal bidra til kompetanse i heile landet» i Prop. 1 S (2024–2025) for Kunnskapsdepartementet programkategori 07.80.

Forslaget i [kapittel 4](#) er ei regelteknisk endring som ikkje inneber nokon endring i rettar, og har difor ingen budsjetteffekt.